



Berit Irene Lærk Thorsen  
Østre Breivikskjenet 4  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/5908 - 16/1207

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
20.01.2016

## Utsleppsløyve for gråvatn frå hytte - gbnr 109/28 Saltnes.

**Administrativt vedtak. Saknr: 037/16**

**Tiltakshavar:** Berit Thorsen  
**Ansvarleg søker:**  
**Type utslepp :** Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gråvatn for fritidsbustad på gbnr 109/28 i samband med at det er gitt løyve til oppføring av tilbygg til fritidsbustaden.

Utsleppet skal i følgje søknaden reinsast i gråvassanlegg av typen Vera Compact før det reinsa avlaupsvatnet vert ført til filtergrøft.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad journalført 01.06.2015 med tilleggsdokumentasjon seinast mottatt 14.12.2015

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF-føremål).

Det vart i vedtak datert 10.12.2014 gitt dispensasjon frå gjeldande arealføremål og det generelle byggjeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8. Omsøkte tiltak vert å sjå på som mindre, anlegget skal gravast ned og terrenget vert reetablert. Administrasjonen vurderer at ytterlegare dispensasjon ikkje er naudsynt.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.



Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 20.03.2015.

### **Reinseløysing**

Gråvassutsleppet skal reinsast i prefabrikkert reinsaanlegg av typen Vera Compact. Testresultat av anlegget er vedlagt søknaden.

### **VURDERING**

Eigedomen ligg ved Lindåsosane. Lindåsosane består av fleire terskelpollar med naturleg dårleg tilhøve og som ikkje gjer han eigna som resipient, jf Miljøundersøking Lindås kommune 2004.

Det er ikkje kommunalt avlaupsanlegg eller andre fellesanlegg for kloakk i området.

I følgje søknaden er det oppgitt at det reinsa avlaupsvatnet skal førast til enkel filtergrøft og stadeigne massar. Det er ikkje dokumentert at dei stadeigne massane har tilfredsstillande kvalitet for infiltrasjon.

Administrasjonen finn, etter ei samla vurdering, å kunne godkjenna omsøkte avlaupsløysing på vilkår av at avlaupsvatnet frå anlegget vert ført i tett ledning til bekk med heilårs vassføring eller sjø. Det skal også dokumenterast at det er inngått serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget med føretak som utfører service på slike anlegg.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Tiltaket krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Søknad i tråd med gitt utsleppsløyve vert å senda kommunen.

Dersom anlegget, eller delar av det, vert plassert på privat eigedom må det dokumenterast at det ligg føre samtykke frå grunneigar. Det vert ikkje gitt byggjeløyve før slikt samtykke ligg føre.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp av gråvatn frå fritidsbustad på gbnr 109/28 på følgjande vilkår:**

1. Gråvatnet skal reinsast i gråvassanlegg av typen Vera Compact før det reinsa avlaupet vert ført vidare i tett ledning til bekk med heilårs vassføring eller til sjø.
2. Installering av vassklosett krev nytt utsleppsløyve.
3. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsledning eller anna fellesledning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

4. Tiltaket er søknadspiktig etter reglane i plan- og bygningslova. Naudsynt løyve skal liggja føre før etablering av anlegget tek til.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### *Ansvar*

*Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.*

### *Bortfall av løyve*

*Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.*

### *Ferdigstilling*

*Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melda i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det sendast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.*

*Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålalt og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest. Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.*

### *Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet*

*Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.*

*Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.*

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5908

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Lindås Rør & Sanitær AS

**Mottakarar:**

Berit Irene Lærk Thorsen

Østre  
Breivikskjenet 4

5179

GODVIK